

# Ideologi og sameksistens.

(Resten)

I Studentersamfundet sat ein liten flokk studentar, mellom dei ein kjend pasifist, og klappa vilt då Mikojan svara på eit spørsmål om Ungarn. «Alt er vel og bra der», sa han. «Det finst ikkje noko kløft mellom folket og regjeringa i Ungarn. Dei ungarske studentane som er her i Noreg, har hender som er tilsølte med blod». I ein artikkel i Aftenposten skriv ein ungarsk student: «Hvis forholdene i Ungarn er så

gode som De påstår, herr Mikojan, hvorfor kan ikke da det ungarske folk selv gjennom frie valg få lov til å gi uttrykk for om de er enige eller ikke?» Og om applausen frå «pasifist-flokken» skriv han «Denne applaus var intet annet enn en hån mot en nasjon på ti millioner mennesker, mot dens sak, dens problemer, dens skjebne, dens tragedie.» Den pasifistiske studenten som var ein av dei avrigaste i denne applausen, val-

de studentane i førre semester til formann. Jau, sanneleg, det høver like godt for Noreg det som han sa, leiaren for kommunistpartiet i Canada, Tim Buck: «Partiet vinn ikkje mange nye medlemmer, men gjer likevel framgang fordi kommunistinspirerte problemstillingar meir og meir blir godtekne av heile folket.»

Det er heilt rett som herr Utheim skriv, at MRA er mot handel og kulturutveksling med Sovjet. Grunnen til at MRA er mot ei slik utveksling er at det er ein kulturutveksling i kommunistisk regi. Sovjet forbaud til dømes engelskmennene ei heil rekkje «fårlege» bøker som dei hadde med til utstillinga si i Moskva i haust. Støysendarar har heile tida hindra vestlege radiostasjonar å nå det russiske folk. I det heile: Det russiske folk får ikkje fritt orientere seg i det beste som er skapt i Vesten, men det som er ufårleg, og serleg det som kan tene til å vise det moralske forfall i Vesten, som enkelte filmar, teaterstykke og måleri, det slepp dei igjennom. Den dagen alle grenser blir fjerna i Sovjet, så også dei «fårlege» ide-

ane får sleppe inn, til dømes Moralsk Opprustning, då kan vi byrja å snakke om kulturutveksling. Ein MRA-mann spurde Mikojan på møtet i Studentersamfundet, om han ville ynskje ein delegasjon frå Moralsk Opprustning velkomen til Sovjet. Mikojan unn-gjekk å svare.

Når det gjeld handelen, kan det ikkje uttrykkjast betre enn Lenin sa det: «Den dagen kapitalistlanda byrjar å handle med oss, byrjar dei å arbeide på sin eigen undergang».

Men det er ikkje rett når Utheim hevdar at MRA er mot politiske forhandlingar, og at dei ser på dei vestlege forhandlarane som «blåøygde kommunisthjelparar». Det einaste som dei går inn for, er at politikarane møtest med kommunistane med ein ideologi som er så sterk at dei vinn dei, ikkje med vald og makt, men med idear og åndsmakt. Det fins politikarar i Vesten som kan stå som eit døme på dette. Eg tenkjer på Konrad Adenauer, den mannen som meir enn nokon annan politikar er blitt kasta skit på, og som kommunistane har gjort alt dei har kunna for å få vekk.

Men, spør mange, meiner ikkje kommunistane det same med sameksistens som vi? Vil ikkje dei at vi skal leva ved sida av kvarandre og la kvart land få vere fritt og sjølvstendig? Nei, det vil dei ikkje. MRA-brosjyren siterar ei heil rekkje med utsagn som viser at dei har heilt andre planar. Ein av deira store ideologar, Dimitri Manuilsky, var litt av ein profet då han alt i 1931 sa: «Vår tid vil komme om 20 eller 30 år. Borgerskapet må luller i søvn. Derfor vil vi begynne med å lansere historiens mest storslagne fredsbevegelse — med smektende toner og innrømmelser uten side-stykke. De kapitalistiske land vil, tåpelige og dekadente som de er, kaste seg inn i samarbeidet om sin egen ødeleggelse. De vil med begjærighet gripe etter en ny sjanse til å bli venner med oss.

Men i det øyeblikk de ikke lenger er på vakt, skal vi knuse dem med vår knyttneve.»

Vi er i dag midt inne i denne situasjonen. Medan kommunistane med alle brukelege midlar arbei-

FØRDE

7 APRIL 1960  
28-01-054

der målmedvite på å realisere planen for å overta verdsherredøme, søv den store massen i Vesten, og blir rasande dersom nokon freistar å dra dyna av dei og vekkje dei. Ikkje det minste å undrast at både kommunistane og dei som søv rasar mot alle som viser ein fast holdning og går inn for ein moralsk og åndeleg opprustning — ei fornying av dei ideane som demokratiet vårt kviler på.

Alternativet er ikkje sameksistens eller krig. Det finst eit tredje alternativ, ein ideologi som er i stand til å skape ei ny tid for alle menneske, både i aust og vest. Det var dette som kunne få admiral William Standley til å seie: «For Amerika står valget mellom Moralsk Opprustning og kommunismen.» Frank Buchman seier det slik: «På et grunnlag av forvandlede liv sikres en varig gjenoppbygning. Uten forvandlede liv kan ingen kultur bestå. Det finnes en gal og en riktig statsmannskunst. I noen av de farligste nasjonale og internasjonale kriser har MRA ugjendriveleg bevist at løysning oppnås raskt når hat, frykt og begjær i mennesker blir forvandlet». I MRA-litteraturen og MRA-Infomasjon kan alle som vil lese om det som har hendt omkring i verda der menneska prøver dette.

Dei politiske leiarane i ei rekke land, m.a. Japan, Kypros, Tyskland, Marokko, Tunis, har gjeve uttrykk for si takksemnd mot Moralsk Opprustning. Då den nye afrikanske nasjonen Kamerun skulle feire sin fyrste fridomsdag, var Franch Buchman ein av dei innbedne. Ein afrikansk MRA-delegasjon som nyleg var i Oslo, kunne fortelje at overalt der dei kom i Afrika, sa dei politiske leiarane til dei: Kom og hjelp oss. Vi treng Moralsk Opprustning for å kunne kjempe for fridomen på den rette måten, utan hat og egoisme og korrupsjon.

Eg er viss om at herr Utheim er samd med meg når eg seier at vi har grunn til å vere takksame for at det i dag finst eit alternativ til ein ideologi som byggjer på hat og klasseskilje, ein ideologi som er i stand til å samle alle mennesker overalt om eit felles mål på eit felles grunnlag. Det er det Moralsk Opprustning gjer.

Erling Førland.